



DEN NORSKE KYRKJA

Giske kyrkjelege fellestråd

Årsmelding

for

Giske kyrkjelege fellestråd

2016

1. RÅDSORGANA

1.1 FELLESRÅDET for 2016 har vore samansett slik:

Arnfinn Rune Giske
Rolf Kjell Giske
Elisabet Sundgot
Sigvald Sæther
Sigrid Roaldsand
Håvard Bjørnelv
Jan Ove Skodje
André Sjøvåg

Giske sokneråd, leiar
Giske sokneråd, medlem
Valderøy sokneråd, medlem
Valderøy sokneråd, nestleiar
Vigra sokneråd, medlem
Vigra sokneråd, medlem
Kommunal representant
Sokneprest i Valderøy sokn, geistlig representant

Varamedlemar

Eldar Røsvik, 1. vara
Ståle Godø, 2. vara
Elda Nordstrand, 1. vara
Trude Kipperberg Eriksen, 2. vara
Aksel Odd Roald, 1. vara
Bente Stornes, 2. vara
Emil Knardal, vara
Geir Sakseid, vara

Giske sokneråd
Giske sokneråd
Valderøy sokneråd
Valderøy sokneråd
Vigra sokneråd
Vigra sokneråd
kommunal repr.
sokneprest i Giske og Vigra sokn, geistlig vararepr.

2. PERSONALET



Kyrkjeverje:	Turid Urkedal Valderhaug (100%)
Diakon:	Berit Johansen (100%)
Kyrkjelydspedagog:	Anne Helen Roaldsnes (100%)
Sekretær:	Vigdis Lyngstad Paulsen (60%) Frå 01. mai 2016, gått ned i 40% og har afp i 20%.
Organist:	Richard Powell (100%) slutta 01. august.2016.
Ny kantor:	Margaret Standal Volle Haugland 1. august 2016 (100%)
Organist:	Runa Godø Sæther(40%) slutta 15. august 2016
Ny organistar:	Dag Filip Roaldsnes og Merete Hoel Roaldsnes 15. august (40% til saman)



Vigra kyrkje

Klokkar/kyrkjetenar

Maria T. Valderhaug, fast i 30% frå 1.
april 2016.

Reinhaldar

Borgny Roald (21,33%)



Valderøy kyrkje

Kyrkjetenar/klokkar:
Reinhaldar:

Linda Margrethe Roaldsnes (80%)
Karoline Blomvik (15%)



Giske kyrkje

Klokkar/kyrkjetenar/
Reinhaldar /guide

Inger Magelssen Godø (60%)

Godøy bedehuskapell

Kyrkjetenar/klokkar

Tenesta blir delt mellom kyrkjetenar ved Valderøy og Giske og diakonen.

Sokneprestar

Sokneprest Valderøya

André Sjøvåg

Sokneprest Vigra og Giske

Geir Sakseid

Det har vore ein del endringar i stab dette året. Begge organistane slutta nesten samtidig. Richard Powell gjekk av med afp den 30. juli 2016 etter å ha jobba i 22 år i fellesrådet. Han hadde si siste gudsteneste med oss i juni. Runa Godø Sæther slutta 15. august etter å ha jobba i 11 år hjå oss. Runa går over i anna jobb i skulen og Høgskulen i Volda. Vigdis Paulsen har gått ned i stilling og jobbar no 40%. Ho tek ut 20% afp. Det er meininga å tilsette nokon som kan ta seg av den resterande 20% av jobben på kontoret.

Margaret Standal Volle Haugland er ny kantor i 100%. Ho starta 1. august i jobben. I tillegg til det musikalske har ho ansvar for å halde nettsida oppdatert og drifte denne. Dag – Filip Roaldsnes og Merete Hoel Roaldsnes er organistar i 40% til saman. Dag-Filip spelar til gudsteneste og Merete har direksjonen av «Kor-Tøfft». Dei er midlertidig tilsett.

Kyrkjevevjerje Turid Urkedal Valderhaug deltek i masterstudium ved Diakonhjemmet høgskule, no endra til VID. I samband med studiet har Turid permisjon 2 veker i året med løn, ho bruker dessutan avtalefesta (leiaravtale) avspaseringsdagar til studium. Masteroppgåve skal leverast 2. mai 2017.

Elles deltek profesjonane eller dei fagansvarlege på eigne fagdagar og kurs innanfor sitt felt. I 2016 var alle i staben invitert til stiftsdagar i Molde, som er ei samling for alle tilsette i kyrkjelydane i Møre.

2.2 FERIEVIKARAR

2.2.1 – Kyrkjegardane.

Det er kommunen som t.d. leiger inn vikarar i sommarferien med grunnlag i tenesteytingsavtalen Fellesrådet har med Giske kommune.

2.2.2 – Kyrkjene.

Dei som har vore tilsett som vikarar dette året i kyrkjene er: Serianne Sjøvåg, Solveig Rønning og Maria Valderhaug. For organistane har det vore: Per Lindseth, Arvid Havåg, Iona Precup .

2.2.3 – Kyrjekontoret

På kyrjekontoret har vi overlappa kvarandre i ferien, slik at det ikkje har vore behov for vikarar. I løpet av hausten 2016 har Karoline Blomvik vore leigd inn til å ta kontorarbeid nokre dagar. Maria Therese Valderhaug vart leigd inn i slutten av året for å ta årsfakturering av festeavgift saman med kyrkjevevjen.

2.2.4 – Omvisarane i Giske kyrkje.

Inger Magelsen Godø har ansvaret for omvisingstenesta og administrerer den. Ho tek delar av omvisinga sjølv og lærer opp og legg til rette for tenesta og har kontakta med guideselskapa. I sesongen 2015 var Fredrik Valderhaug og Jarkko Lainkari omvisarar i Giske kyrkje.

2.3

PERSONALUTVIKLING/KOMPETANSEBYGGING/ARBEIDS MILJØTILTAK

Ein gong i veka er det **ministabmøte** på kyrjekontoret. Dette er meir praktiske arbeidsmøter der ein planlegg arbeidet den næraste tida. Ein gong pr. månad har vi **personalmøte/storstabmøte** i kyrkjekjellaren på Valderøya. Dei fleste tilsette møter då – der evaluering av arbeidet og planlegging framover er tema.

Som ein start på hausten 2016 hadde vi stabstur til Gdansk. Billige bilettar vart kjøpt tidleg på året. Vi hadde eit lite stabsmøte og reiste på turar i området ilag. Vi har også ein årleg adventsfest med stab og sokneråd.

1.FELLESRÅDET

1.1 Aktivitet

Fellesrådet består av to representantar frå kvart av sokneråda, forutan soknepresten og ein kommunal representant. Fellesrådet har i 2016 hatt 5 møter og handsama 40 saker.

Av desse sakene nemner eg særskilt:

- * Utleige av kyrkjene
- * Plan for utlysing av kontorstilling
- * Opplæring av det nye fellesrådet
- * Årsmelding og rekneskap for 2015
- * Kommunereform og fellesråda
- * Tilsetting av kontor
- * Tilsetting av kyrkjetenar Vigra
- * Utsmykking av Johanneskapellet, framdrift
- * Framdrift kyrkjestove på Giske
- * Val av landsråd til KA
- * 4- års økonomiplan
- * Budsjett for 2017
- * Bilettprisar Giske kyrkje
- * Oppseiing innbrotsalarm
- * Oppseiing organist
- * Søknad om støtte til utsmykking
- * Gjennomgang av visitasprogram
- * Saker frå bygningsutval
- * Stemming av orgel Giske og Vigra
- * Søknad om støtte frå Vigra sokneråd
- * Møtegodtgjering for fellesråd og sokneråd
- * Val til representantar til å delta på valmøte i Molde
- * Lønsforhandling for kyrkjevevjen

2016 har vore prega av at det var bispevisitas i Giske, Vigra og Valderøy sokn. Visitasen var sett til 26.-30. oktober 2016.





Stab og bispefølge på bedriftsbesøk hjå Momentium



Biskopen på 2-års treff



Etter visitasgudstenesta vart nokre med på bildet, representantar frå geistlige, sokneråd, tilsette og kommunen. Bilde ned: frå Torsdagskaféen



Visitasen bestod av møte med stab og sokneråd. Dessutan ulike gudstenester og samarbeid med andre organisasjonar. Torsdagskafé med besøk av Eritreisk kyrkjelyd som feirar gudstenste i Valderøy kyrkje. Nokre bedriftsmøte og møte med kommunen.

1.2 Rekneskap 2016

Rekneskapet for 2016 syner eit overskot på driftsrekneskapet med kr. 78 387,37. Overskotet på driftsrekneskapet førast over til disposisjonsfond. Udisponert i investeringsrekneskapet på kr 92 832,91 skal overførast til disposisjonsfond.

Konto 1180 4000 4200 straumutgifter kyrkjer. Vi har brukt for kr 129 753,- (2015 kr 99 090,- 2014 kr 134 725 og 2013 kr 132 771,-.) Vi har fokus på straumsparing og har fjernstyring av varme både i Vigra kyrkje og Giske kyrkje. I Valderøy kyrkje har vi redusert oppvarming sommarhalvåret og det fungerer tilfredstillande. Nye varmevekslarar er no kopla til varmpumpene i kyrkjeskipet. Desse er under utprøving, vi er ikkje nøgde med effekten enda.

Konto 1621 4000 4200 billettinntekter har gått ned. Inntektene på guiding er til saman kr 359 678,- (2015 kr 242 338,-, 2014 kr 286 840, 2013 kr 364 801,- 2012) Det har vore jamn straum at turistbussar, men mindre besøk av enkeltreisande.

Konto 1185 4000 4200 Forsikringspremien for kyrkjebygga utgjer kr 58 433,- for bygningar med inventar. Vi har alle forsikringane gjennom KLP både bygningsforsikringar, personalforsikringar og pensjonsforsikring.

Konto 1232 4000 4200 vedlikehald av utstyr har det til saman gått ut ca kr 82 038,- (2015, 44.936,-) dette er hovudsaklig reparasjonar og heiskontroll, reparasjonar av heis og kontroll av sprinkelanlegg m.m. Vi har mykje dyrt utstyr som det kostar å vedlikehalde.

Konto 1187 4000 4200 Drifta av alarmane kostar oss kr 58 798,- (2015, kr 54 418,- , 2014 kr 49 889,-).

Konto 1190 4000 4200 Husleige for Godøy bedehusapell og Alnes bedehus kom på kr 87 000,- (2015 kr 63 200,- 2014 kr 91 800,-).

3.1 Administrasjonsutvalet

Administrasjonsutvalet er samansett av tre representantar frå arbeidsgjevarsida og to representantar frå arbeidstakarorganisasjonane. Administrasjonsutvalet skal handsame saker som gjeld tilhøvet mellom dei tilsette og arbeidsgjevar.

Medlemmar i administrasjonsutvalet

Elisabet Sundgot og Arnfinn Rune Giske og kyrkjeverja.

Vararepresentantar:

1.vara, Sigrid Roaldsand og 2.vara, Rolf Kjell Giske.

Arbeidstakarorganisasjonane: Berit Johansen og Inger Magelsen Godø. Fellesrådleiari er vara for kyrkjeverja.

Administrasjonsutvalet har handsama to tilsettingssaker i 2016: tilsetting av kontor og kyrkjetenar.

3.2 Forhandlingsutvalet

Utvalet er utnemnt av arbeidsgjevarsida og består av tre representantar:

Medlemmar i forhandlingsutvalet

Sigrid Roaldsand, Rolf Kjell Giske og Håvard Bjørnelv.

Kyrkjeverja er til vanleg sakshandsamar/sekretær.

3.3 Bygningsutval

Medlemmar i bygningsutvalet

Sigvald Sæther, Jan Ove Skodje og Rolf Kjell Giske.

4. SOKNERÅDA

Sokneråda driv som sjølvstendig eining og har eigen årsmelding og eige rekneskap.

5. KYRKJEKOR

Barnekoret «Kor-Tøfft». Runa Godø Sæther hadde den musikalske leiinga av barnekoret første halvår av 2016. Hausten 2016 hadde Merete Hoel Roaldsnes ansvar for direksjon av barnekoret. Barnekoret tek del i gudstenester og andre samlingar, og er ein inspirasjon i kyrkjelydane. Barnekoret har eige styre og er underlagt Valderøy sokneråd.

6. NETTSIDE

Vi har skifta nettside til kirkepartner si standardside. Ny redaktør for nettsida er Margaret Haugland. Vi har som mål å få ein utvida bruk av nettsida vår. www.giske.kyrkja.no Vi har fått ei veldig god og oppdatert side og det er viktig at stab og sokneråd formidlar informasjon til nettredaktøren.

7. KYRKJEBYGGA

7.1 Kyrkjekontoret.

For 2016 har vi bytta ut fleire datamaskiner og dataskjermar på kyrkjekontoret. Det er kjøpt inn utstyr til nytt kontor i Valderøy kyrkje til kantoren.

7.2 Vigra kyrkje

Ved Vigra kyrkje er den gamle preikestolen flytta til galleriet.

7.3 Valderøy kyrkje

Sommaren 2016 vart salane i kjellaren og heile gangen nede måla opp igjen. Det er mykje bruk av desse romma og stor slitasje. Før visitasen vart orgelet flytta til galleriet.

7.4 Giske kyrkje

For 2016 viser guideinntektene kr 359 678,- og dersom vi trekker frå dokumenterte utgifter er det eit overskot på dette. Det er eit mål å setje av ein del av overskotet på guiding til fond for kyrkjestove og elles bruke det til vedlikehald.

Vi arbeider for å få løyve til å bygge kyrkjestove ved Giske kyrkje. I møte med Riksantikvaren, Fylkesantikvaren og Niku har vi fått positiv respons på om det er mogleg å få bygge kyrkjestove. Lokal arkitekt har arbeida saman med fylkesarkitekt med ei skisse som no er klar å byggemelde. Vi har gjort avtale med grunneigar om kjøp av grunn og har starta frådelingsprosessen. Samtidig melder vi inn sak i forhold til arealplanen.

7.5 Godøy bedehusapell.

Fellesrådet leiger bedehuset til alle kyrkjelege handlingar på Godøya. I tillegg vert Alnes bedehus leigd til nokre gudstenester i året og gravferder frå Alnes.

7.6 Johanneskapellet

Johanneskapellet har blitt eit mykje brukt kapell. Vi bruker det til børeandakter, gravferder, dåp, konsertar, kveldsbøn og vi har hatt fleire bryllaup der. Staben startar alltid sine stabsmøte der og i tillegg blir kapellet brukt i konfirmantundervisning og trusopplæringa. Det er oppnemnd ei eigen utsmykkingsnemnd for kapellet. Utsmykkingsnemnda har fått mandat frå fellestrådet til å starte arbeidet med utsmykkinga innanfor dei midlar som er innsamla. Innsamlinga er godt i gang og montering av vindauge er planlagt våren 2017.



8. KYRKJEGARDANE

Alt arbeid på kyrkjegardane vert utført som ein del av tenesteytingsavtalen med kommunen – ein avtale som fungerer tilfredstillande. Budsjettet for kyrkjegardane er lavt, men takka god dugnadsinnsats der sokneråda har stått for organiseringa, har vi fått utført mykje meir enn budsjettet normalt ville gi rom for.

8.1 Vigra kyrkjegard

Ny planteplan er laga. Planen er å forlengje grusvegen inn på det nye feltet, og få ny innkøyringsveg. Det er og viktig å få opp lys på nye kyrkjegarden på Vigra. Vi har enda ikkje fått midlar til å gjennomføre desse planane. Soknerådet og nokre frivillige vil starte opp ei dugnadsgruppe på Vigra kyrkjegard.

8.2 Valderøy kyrkjegard

På Valderøy kyrkjegard har vi fått opparbeida nytt felt mot øvstevegen men det blir fort fullt. Desse plassane har kapasitet til om lag 4 år med gravlegging. Vi må starte arbeide med ny plan for feltet sør for kyrkja i 2017. Kommunen har ikkje bevilga pengar til utviding og det er eit problem. Vi har meldt inn dette fleire år og har det på vår 4-års økonomiplan.

8.3 Godøy kyrkjegard.

Ved Godøy kyrkjegard er det behov for ny plan over området og i tillegg bør ein snart starte arbeidet med utbygging.

8.4 Giske kyrkjegard.

Ordinært vedlikehald har vore utført. Elles er denne kyrkjegarden i fin stand.

9. PLANAR FOR 2016

Utbygging av kyrkjegardane på Valderøy og Godøya er av dei store sakene som er viktige. Vi må arbeide mot politiakarane for å få dei til å forstå utfordringane framover. Same kva vi gjer kostar det pengar, utviding og gjenbruk er alternative og meir bruk av urnegraver. Kyrkjestova på Giske er ei anna stor sak. Det er stort behov for eit ekstra rom ved store gravferder, ein plass til kyrkjekaffi og trusopplæringstiltak.

Kyrkja er i ei stor endring strukturelt og vi veit ikkje korleis dette vil påverke oss lokalt framover. Når det gjeld økonomi for kyrkja framover så er dette ikkje avgjort korleis kyrkja skal finanserast. I dette er det mange utfordringar både når det gjeld tilsette, kyrkjer, sokneråd og kyrkjegardar. Dette skjer ikkje over natta men det vil ta litt tid. Vår oppgåve er å halde fokus på kva som er viktig her og no, og følgje med på kva som skjer sentralt i kyrkja. Det viktige kyrkjelydsarbeidet er det arbeidet som blir gjort i kvart sokn.

Vi ser framover og ventar oss eit rikt og spanande arbeidsår.

Arnfinn Rune Giske

Turid Urkedal Valderhaug